


Forvaltningsplan for JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar i Sogn og Fjordane

- Grense for nasjonalparken
- Grense for 3 område med rikspolitiske reglar i Stryn
- Grense for Nigardsbreen naturreservat (oppretta 1985)
- Grense for statseigedom
- Spesiell vernesone
- Sone utan tilrettelegging og inngrep
- Bruksone
- Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep
- Tilråding om arealbruk(sone) i tilgrensande område til nasjonalparken. (Sonekategoriar som innanfor nasjonalparken)
- Merkt sti
- Varda sti
- Umerkt sti
- Ubetjent (nøkkel-)open (turlags-)hytte
- Betjent hytte, fjellstove, pensjonat, kafe, hotell
- Campingplass
- Informasjonssenter
- Riksveg og andre off veger
- Planlagd veg
- Privat (traktor-) veg
- Regulert vatn

Målestokk 1:125000

0 5 10 km

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

Føremålet med forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er å leggje retningslinjene for forvaltninga av området. Dette gjeld generelle mål og utfordringar, skjøtsel og restaurering av landskap og kulturminne, informasjon og oppsyn, og tilhøvet mellom bruk og vern. Vernereglane for nasjonalparken ligg fast gjennom Regjeringa sitt vedtak om oppretting av nasjnalparken 25.10.1991.

Forvaltninga av nasjonalparken skal fremje verneføremåla for nasjonalparken, som gjeld ivareteking av urørd natur, naturopplevingi friluftsliv og kulturminne cg kulturlandskap. Dette kan best ivaretakast gjennom ei soneinndeling av området.

Dei sonekategoriane som vert nytta i nasjonalparken er **spesiell vernesone**, **sone utan tilrettelegging og inngrep**, **bruksone** og **sone med spesiell tilrettelegging og inngrep**. Berre Fåbergstølsgrandane vert lagt ut som spesiell vernesone. Soner med urørd natur omfattar breplatået og nokre lågareliggjande dalar. Her skal naturen vera mest mogleg utan menneskeleige inngrep, og dermed utan tilrettelegging for friluftsliv m.v.. I bruksssonene kan det tilretteleggjast for friluftsliv, noko som også kjem reiselivet til gode, og ein kan imøtekome m.a. ein del av landbruket sine interesser. Spesielt viktige turistmål som kan vere i konflikt med verneverdiar, vert lagt ut som sone med spesielle inngrep.

Område som grensar til nasjonalparken, er viktige for forvaltninga av verneområdet både ved at dei er innfallsportar og ved at dei har store naturkvalitetar. Det vert difor også gjeve ei soneinndeling av tilgrensande område. Ansvarlege styresmakter her er i første rekkje kommunane. Fylkeskommunen og fylkesmannen har eit overordna planansvar i tilgrensande område i høve til plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for nasjonalparken, medan Statskog ved ein nasjonalparkforvaltar med kontorstad på Hermansverk har den daglege forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

STATENS KARTVERK SOGN OG FJORDANE

Statskog Vestlandet NASJONALPARKTENESTA

Vedlegg 5 til forvaltningsplan for Jostedalsbreen Nasjonalpark, utgjeve av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga 1994.
Rapport nr 3-1994, ISSN 0803-1886, ISBN 82-91031-20-7
Pris for kartet kr 30,-

Digital repro og trykk: Bø Trykk AS